

Nysgjerrigpermetoden



Dette lurer eg på



Kvifor er det slik?



Legg ein plan



Hent opplysningar



Dette har eg funne ut



Fortel til andre

Nysgjerrigpermetoden ↓



Dette lurer eg på

Tenk ut spørsmål om noko de lurer på. Det er lov å lure på alt mogleg! Vel eit spørsmål de kan gjere eigne undersøkingar til. No har de ei problemstilling.



Kvifor er det slik?

Kva trur de kan vere svaret på problemstillinga dykkar? Skriv ned nokre forslag til moglege forklaringar. Slike forslag kallar vi hypotesar.



Legg ein plan

Planlegg kva for undersøkingar de vil gjere for å teste om hypotesane stemmer eller ikkje. Gjer gjerne fleire undersøkingar for å hente opplysningar. De kan for eksempel observere, intervjuje eller gjere eigne forsøk.



Hent opplysningar

Samle opplysningar som har med hypotesane dykkar å gjere – både dei som tyder på at hypotesane stemmer, og dei som tyder på det motsette. Hugs å dokumentere det de gjer undervegs.



Dette har eg funne ut

Summer opp resultatata de har komme fram til. Kva for hypotesar stemmer, og kva for hypotesar stemmer ikkje? Kva for svar kan de nå gi på problemstillinga de starta med?



Fortel til andre

Lag ein rapport som viser kva de har gjort, og kva for resultat de har komme fram til. Det er viktig at forskarar fortel andre om det dei har funne ut.